



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8718 - 20/27982

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
13.05.2020

Stadfestar mottatt tilsvar til klage - gbnr 121/1 Knarvik nord

Tiltak: Klage på løyve til frådelling
Byggjestad: Gbnr: 121/1
Tiltakshavar: Thore Knarvik
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar tilsvar den 12.05.2020 til klage frå Fylkesmannen i Vestland den 19.11.2019. Klagen gjeld vedtak om dispensasjon for frådelling av hus nr. 2 fatta av plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune den 30.10.2019. Tilsvaret vart sendt kommunen etter at dere oppdaga at det ikkje vart gjeve avgjerd i saka i april i år i samanheng med oppmålingsforretning på eigedomen.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker. Sakshandsamingsfristen i klagesaka er overskriden. Grunnen er at klagesaka ikkje har kome med i overgangen til nye Alver kommune. Kommunen vart nyleg gjort merksam på klagen frå Fylkesmannen i Vestland. Vi ber om orsak for lang saksbehandlingstid.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av areal, plan og miljø utvalet i møte den 10.06.2020. Dette er første moglege møte for behandling av klagen etter at kommunen vart gjort merksam på klage frå Fylkesmannen i Vestland. Vi kjem tilbake med meir informasjon om korleis møte vert gjennomført. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i areal, plan og miljø utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing

Alver kommune

Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Thore Knarvik

Knarvikgarden 71

5955

LINDÅS

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN